Austrheim KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	04.12.2025
Møtetid:	15:00 - -16:30
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Odd-Marthin Totland	medlem	H	
Frank Erik Øksnes	medlem	U	
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H frå sak 93/25 -kl.15.30	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP frå sak 92/2025	
Anette Kaland	medlem	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Reidar Øksnes	medlem	SP	

Gro Kaland	medlem	SP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Kristoffer Myklebusthaug	MEDL	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Dag Arne Solberg		H	Til kl. 15.30
Magnus Kvingedal		H	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Nesbø	møtesekretær
Britt Mary Skaalevik Lerøy	kommunedirektør
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Asbjørn Nagell Toft	plansjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Kristin Nesbø

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 89/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 4. desember 2025	
PS 90/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 30. oktober 2025	
PS 91/2025	Referatsaker til kommunestyremøtet 4. desember 2025	
RS 54/2025	Møteprotokoll - Eldrerådet 12. november 2025	
RS 55/2025	Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne frå 12. november 2025	
RS 56/2025	Austrheim kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19.11.2025	
RS 57/2025	Årsmelding 2024-2025 - Mobbeombodet i Vestland	
RS 58/2025	Rapport interimrevisjon	
RS 59/2025	Skatteoversikt til og med oktober 2025 - frå Statsforvaltaren	
PS 92/2025	Etablering av omsorgsbustader i Austrheim - innhenta tilbod frå Allstad	
OS 8/2025	Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 4. desember 2025	
PS 93/2025	Arbeidssenteret - oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket - løn til brukarane	
PS 94/2025	Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026	
PS 95/2025	Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2026	
PS 96/2025	Godkjenning av planprogram for Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001	
PS 97/2025	Tilsynsstrategi for 2026	
PS 98/2025	Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak - sakspapira ligg i 2025/1979	

PS 89/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 4. desember 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 89/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 4. desember 2025
Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

- Dag Arne Solberg (H) møter for Kristoffer Myklebusthaug (H)
- Hege Ramsland kjem litt seinare og Magnus Kvingedal er med frå starten av møte.
- Reidar Ulvøy (Ap) kjem litt seinare.

Ordførar Morten Sognnes ba om at sak 98/2025 - Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak vert tatt etter sak 92/2025

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 89/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 4. desember 2025
Kommunestyret - 04.12.2025

Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 90/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 30. oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå 30. oktober vert godkjent.

Sak 90/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 30. oktober 2025
Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 90/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 30. oktober 2025
Kommunestyret - 04.12.2025

Møteprotokoll frå 30. oktober vert godkjent.

PS 91/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 4. desember 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

Sak 91/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 4. desember 2025
Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

Reidar Øksnes (Sp) - spurte om representanter frå råda burde vere med i kommunestyret å si litt om sakene frå råda.

Per Lerøy (Sp) - etterlyser to brev. Ber om at dei vert lagt ved i protokollen frå møte i dag.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 91/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 4. desember 2025
Kommunestyret - 04.12.2025

Referatsakene vert teke til vitande.

RS 54/2025 Møteprotokoll - Eldrerådet 12. november 2025

RS 55/2025 Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne frå 12. november 2025

RS 56/2025 Austrheim kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19.11.2025

RS 57/2025 Årsmelding 2024-2025 - Mobbeombodet i Vestland

RS 58/2025 Rapport interimrevisjon

RS 59/2025 Skatteoversikt til og med oktober 2025 - frå Statsforvaltaren

PS 92/2025 Etablering av omsorgsbustader i Austrheim - innhenta tilbod frå Allstad

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innstilling frå formannskapet, vedtak i kommunestyret:

1. Austrheim kommune ønskjer å motta tilbod frå Allstad om leige av omsorgsbustader og eventuelle tenestefunksjonar primært på tomta ved Mastrevik torg.

2. Administrasjonen får fullmakt til å starte arbeidet med innhenting av tilbod på konsept frå Allstad, Samfond, med høve for kommunen til å gjere vanlege leigetakartilpassingar.

3. Saka skal leggjast fram for politisk handsaming på nytt når tilbod og finansieringsmodell ligg føre.

Sak 110/2025 Etablering av omsorgsbustader i Austrheim - innhenta tilbod frå Allstad
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy spurte om at det vart tatt med vidare i prosjektet at det vert mogleg med to soverom, Rosenlund svara at det vert notert med tanke på det vidare arbeidet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 110/2025 Etablering av omsorgsbustader i Austrheim - innhenta tilbod frå Allstad
Formannskapet - 27.11.2025

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Austrheim kommune ønskjer å motta tilbod frå Allstad om leige av omsorgsbustader og eventuelle tenestefunksjonar primært på tomta ved Mastrevik torg.
2. Administrasjonen får fullmakt til å starte arbeidet med innhenting av tilbod på konsept frå Allstad, Samfond, med høve for kommunen til å gjere vanlege leigetakartilpassingar.
3. Saka skal leggjast fram for politisk handsaming på nytt når tilbod og finansieringsmodell ligg føre.

Sak 92/2025 Etablering av omsorgsbustader i Austrheim - innhenta tilbod frå Allstad
Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund la fram saka jf. saksutgreiing.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 92/2025 Etablering av omsorgsbustader i Austrheim - innhenta tilbod frå Allstad
Kommunestyret - 04.12.2025

1. Austrheim kommune ønskjer å motta tilbod frå Allstad om leige av omsorgsbustader og eventuelle tenestefunksjonar primært på tomta ved Mastrevik torg.
2. Administrasjonen får fullmakt til å starte arbeidet med innhenting av tilbod på konsept frå Allstad, Samfond, med høve for kommunen til å gjere vanlege leigetakartilpassingar.
3. Saka skal leggjast fram for politisk handsaming på nytt når tilbod og finansieringsmodell ligg føre.

OS 8/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 4. desember 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

Sak 8/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 4. desember 2025
Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

Orientering om asfaltering v/ kommunalsjef Bjarte Rosenlund. jf. presentasjon.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 8/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 4. desember 2025
Kommunestyret - 04.12.2025

Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

PS 93/2025 Arbeidssenteret - oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket - løn til brukarane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret sluttar seg til at:

-det vert etablert ei ordning med oppmuntringspengar på kr. 400/år
-det vert planlagt for ein årleg «blåtur» for brukarane av Arbeids- og aktivitetssenteret

-at oppmuntringspengar vert finansiert ved bruk av inntekter knytt til sal av produkt som er laga på arbeidssenteret
-at «blåtur» vert finansiert gjennom sal av produkt og tenester, kombinert med eigenandel.

Sak 12/2025 Arbeidssenteret - oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket - løn til brukarane
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2025

Handsaming:

Rådet drøfta kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og vart samd om framlegg til endring av siste punkt:

Framlegg til siste punkt: at «blåtur» vert finansiert med godtgjersle for ryddearbeid som vert gjort kvar veke på kr 5000,-, kombinert med eigenandel.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:
Framlegg til vedtak med endring av siste punkt vart samrøystes vedteke.

Vedtak i sak 12/2025 Arbeidssenteret - oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket - løn til brukarane
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2025

Tilråding frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 10.09.25:

-det vert etablert ei ordning med oppmuntringspengar på kr. 400/år
-det vert planlagt for ein årleg «blåtur» for brukarane av Arbeids- og aktivitetssenteret

-at oppmuntringspengar vert finansiert ved bruk av inntekter knytt til sal av produkt som er laga på arbeidssenteret
-at «blåtur» vert finansiert med godtgjersle for ryddearbeidet som vert gjort kva veke på kr 5000,- kombinert med eigenandel.

Sak 43/2025 Arbeidssenteret - oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket - løn til brukarane
Levekårsutvalet - 13.11.2025

Handsaming:

Kommunalsjef oppvekst Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Helge Dyrkolbotn spurte om summen, og synest den var liten. Dyrkolbotn la til at det bør stå at blåturen skal gjennomførast, ikkje berre planleggast.
- Linda Brandtun ba om at finansieringa av blåturen ikkje skal knyttast til sal av produkt.
- Per Lerøy viste til at det er kommunestyret som har fremja dette verbalpunktet. Kunne eigentleg tenkt seg at det var oppmuntringspengar kvar veke og ikkje berre kvart halvår. Når det gjeld blåturen må kommunen kunna finansiera dette, som ein direkte post i budsjettet.

- Renee Semmingsen sa at midlar til blåturen må kunna finansierast av kommunen, og at ein eigendel ikkje må vera så stor at enkelte ikkje har råd til å vera med på turen.
- Helge Dyrkolbotn ba om at Levekårsutvalet brukar tilrådinga frå RMNF som innstilling til kommunestyret i denne saka.

Utvalsleiar Terje Håland viste til at det er to framlegg til vedtak, kommunedirektøren sitt framlegg eller tilrådinga frå RMNF

Handsaming i møtet:
Samrøystes for RMNF si tilråding til vedtak

Vedtak i sak 43/2025 Arbeidssenteret - oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket - løn til brukarane
Levekårsutvalet - 13.11.2025

Levekårsutvalet si innstilling til kommunestyret:

- det vert etablert ei ordning med oppmuntringspengar på kr. 400/år
- det vert planlagt for ein årleg «blåtur» for brukarane av Arbeids- og aktivitetssenteret
- at oppmuntringspengar vert finansiert ved bruk av inntekter knytt til sal av produkt som er laga på arbeidssenteret
- at «blåtur» vert finansiert med godtgjersle for ryddearbeidet som vert gjort kvar veke på kr 5000,- kombinert med eigenandel

Sak 93/2025 Arbeidssenteret - oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket - løn til brukarane
Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy la fram saka jf. saksutgreiinga.

Leiar i Levekårsutvalet la fram Levekårsutvalet si innstilling til kommunestyret, med eit tillegg i siste punkt:

- det vert etablert ei ordning med oppmuntringspengar på kr. 400/år
- det vert planlagt for ein årleg «blåtur» for brukarane av Arbeids- og aktivitetssenteret
- at oppmuntringspengar vert finansiert ved bruk av inntekter knytt til sal av produkt som er laga på arbeidssenteret

- at «blåtur» vert finansiert med godtgjersle for ryddearbeidet som vert gjort kvar veke på kr 5000,- kombinert med eigenandel

Lagt fram i møte: Denne godtgjersla blir finansiert ved å redusera avsetninga til disposisjonsfondet med kr 5000,-.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak frå kommunedirektøren og levekårsutvalet med tillegget lagt fram i møte og det vart røysta over.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for levekårsutvalet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 93/2025 Arbeidssenteret - oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket - løn til brukarane
Kommunestyret - 04.12.2025

- det vert etablert ei ordning med oppmuntringspengar på kr. 400/år
- det vert planlagt for ein årleg «blåtur» for brukarane av Arbeids- og aktivitetssenteret
- at oppmuntringspengar vert finansiert ved bruk av inntekter knytt til sal av produkt som er laga på arbeidssenteret
- at «blåtur» vert finansiert med godtgjersle for ryddearbeidet som vert gjort kvar veke på kr 5000,- kombinert med eigenandel.Denne godtgjersla blir finansiert ved å redusera avsetninga til disposisjonsfondet med kr 5000,-

PS 94/2025 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Austrheim kommune imøtekjem ikkje IMDi si oppmoding om å busette 14 flyktningar i 2026. Austrheim kommune ønskjer busette 10 flyktningar i 2026.

Sak 114/2025 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Medrekna dei som skal busettast i desember 2025, har Austrheim teke i mot 96 flyktningar frå Ukraina.
- Dei statlege overføringane i samband med mottak av flyktningar gjev størst inntekt dei første åra, men lågare seinare. Har hatt overskot på desse tenestene så langt.
- Ser at mottaket av flyktningar har gitt eit stort press på bustader, lite tilgjengeleg og leigeprisane er høge.
- Per Lerøy (Ap) viste til at det er diskutert på medlemsmøte i Ap. Ser at det kan vera utfordringar med å ha nok bustader, og med å skaffa arbeidsplassar. Støttar at ein seier ja til 10 og ikkje 14 som Imdi har bedt kommunen om å ta i mot.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 114/2025 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026
Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommune imøtekjem ikkje IMDi si oppmoding om å busette 14 flyktningar i 2026.
Austrheim kommune ønskjer å busette 10 flyktningar i 2026.

Sak 94/2025 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026
Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Jansen la fram saka jf. saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 94/2025 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026
Kommunestyret - 04.12.2025

Austrheim kommune imøtekjem ikkje IMDi si oppmoding om å busette 14 flyktningar i 2026.
Austrheim kommune ønskjer å busette 10 flyktningar i 2026.

PS 95/2025 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret i Austrheim vedtar følgjande festeavgifter, gebyr for utanbygds gravlegging og gebyr for namneplater i minnelund.

1. Reglar for avgiftene

a)Nye avgifter skal gjelda frå 1. januar 2026.
b)Alle avgiftene blir justerte på slutten av kvart år, tilsvarande konsumprisindeksen.
c)Maksimal periode for festeavgift er 5 år.
d)Det er mogeleg å avtala festeavgift for ein kortare periode enn 5 år.

2. Gebyrsatsar

a)Årleg festeavgift for kistegraver mellom 20 og 60 år: **620 kr**
b)Årleg festeavgift for urne og barnegraver mellom 20 og 60 år: **310 kr**
c)Årleg festeavgift for kistegraver over 60 år: **1.035 kr**
d)Årleg festeavgift for urne og barnegraver over 60 år: **515 kr**
e)Reservasjon av kistegrav (dobbeltgrav): Eingongsavgift tilsvarande 20 års festeavgift til den ein kvar tid gjeldande nivå på festeavgifta (**kr 12.400** etter 2026-pris). Reservasjonsavgifta kan ikkje refunderast.
f)Reservasjon av urnegrav i namna minnelund: Reservasjonsavgift tilsvarande 20 års festeavgift. (**kr 6.200** etter 2026-pris). Avgifta kan ikkje refunderast.
g)Namneplate i namna minnelund: kr **4.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
h)Utanbygds urnegravlegging:
Gravlegging kr **6.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
Festeavgift kr **6.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
i)Utanbygds kistegravlegging:
Gravlegging kr **12.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
Festeavgift kr **12.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

Sak 115/2025 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2026
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 115/2025 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2026
Formannskapet - 27.11.2025

Kommunestyret i Austrheim vedtar følgjande festeavgifter, gebyr for utanbygds gravlegging og gebyr for namneplater i minnelund.

1. Reglar for avgiftene

a)Nye avgifter skal gjelda frå 1. januar 2026.
b)Alle avgiftene blir justerte på slutten av kvart år, tilsvarande konsumprisindeksen.
c)Maksimal periode for festeavgift er 5 år.
d)Det er mogeleg å avtala festeavgift for ein kortare periode enn 5 år.

2. Gebyrsatsar

a)Årleg festeavgift for kistegraver mellom 20 og 60 år: **620 kr**
b)Årleg festeavgift for urne og barnegraver mellom 20 og 60 år: **310 kr**
c)Årleg festeavgift for kistegraver over 60 år: **1.035 kr**
d)Årleg festeavgift for urne og barnegraver over 60 år: **515 kr**
e)Reservasjon av kistegrav (dobbeltgrav): Eingongsavgift tilsvarande 20 års festeavgift til den ein kvar tid gjeldande nivå på festeavgifta (**kr 12.400** etter 2026-pris). Reservasjonsavgifta kan ikkje refunderast.
f)Reservasjon av urnegrav i namna minnelund: Reservasjonsavgift tilsvarande 20 års festeavgift. (**kr 6.200** etter 2026-pris). Avgifta kan ikkje refunderast.
g)Namneplate i namna minnelund: kr **4.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
h)Utanbygds urnegravlegging:
Gravlegging kr **6.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

Festeavgift kr **6.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

i)Utanbygds kistegravlegging:
Gravlegging kr **12.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

Festeavgift kr **12.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

Sak 95/2025 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2026
Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Jansen la fram saka jf. saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 95/2025 Justering av festeavgiftene på gravplassane - 2026
Kommunestyret - 04.12.2025

Kommunestyret i Austrheim vedtar følgjande festeavgifter, gebyr for utanbygds gravlegging og gebyr for namneplater i minnelund.

1. Reglar for avgiftene

a)Nye avgifter skal gjelda frå 1. januar 2026.
b)Alle avgiftene blir justerte på slutten av kvart år, tilsvarande konsumprisindeksen.
c)Maksimal periode for festeavgift er 5 år.
d)Det er mogeleg å avtala festeavgift for ein kortare periode enn 5 år.

2. Gebyrsatsar

a)Årleg festeavgift for kistegraver mellom 20 og 60 år: **620 kr**
b)Årleg festeavgift for urne og barnegraver mellom 20 og 60 år: **310 kr**
c)Årleg festeavgift for kistegraver over 60 år: **1.035 kr**
d)Årleg festeavgift for urne og barnegraver over 60 år: **515 kr**
e)Reservasjon av kistegrav (dobbeltgrav): Eingongsavgift tilsvarande 20 års festeavgift til den ein kvar tid gjeldande nivå på festeavgifta (**kr 12.400** etter 2026-pris). Reservasjonsavgifta kan ikkje refunderast.

f)Reservasjon av urnegrav i namna minnelund: Reservasjonsavgift tilsvarande 20 års festeavgift. (**kr 6.200** etter 2026-pris). Avgifta kan ikkje refunderast.
g)Namneplate i namna minnelund: kr **4.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
h)Utanbygds urnegravlegging:
Gravlegging kr **6.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

Festeavgift kr **6.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)
i)Utanbygds kistegravlegging:
Gravlegging kr **12.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

Festeavgift kr **12.000** inkl. mva (2026-pris, ikkje auka frå 2025)

PS 96/2025 Godkjenning av planprogram for Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Austrheim kommune godkjenner vedlagt planprogram for **Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001.** Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 12-9.

Sak 108/2025 Godkjenning av planprogram for Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Per Lerøy (Ap) ba om at ein ser på det som ligg i planarbeidet om ei miljøgate frå Mastrevik-krysset til "Kvile-krysset", for å sjå kva som kan realiserast.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 108/2025 Godkjenning av planprogram for Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001
Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommune godkjenner vedlagt planprogram for **Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001.** Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 12-9.

Sak 96/2025 Godkjenning av planprogram for Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001
Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Nagel Toft la fram saka jf. saksutgreiinga.

Vurdering av habilitet i saka: Per Lerøy (Ap) styreleiar i stiftinga Furuly og Aslak Bakke (H) eigar i området.
Kommunestyret vurderer ikkje Per Lerøy som inhabil.
Kommunestyret vurderer Aslak Bakke som inhabil.
Av dette følgjer at 16 representantar røystar i saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 96/2025 Godkjenning av planprogram for Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001
Kommunestyret - 04.12.2025

Austrheim kommune godkjenner vedlagt planprogram for **Områdeplan for Austrheim kommunesenter, planid. 46322025001.** Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 12-9.

PS 97/2025 Tilsynsstrategi for 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategi for 2026 slik den ligg føre. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.

Sak 107/2025 Tilsynsstrategi for 2026
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 107/2025 Tilsynsstrategi for 2026
Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategi for 2026 slik den ligg føre. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.

Sak 97/2025 Tilsynsstrategi for 2026
Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Nagel Toft la fram saka jf. saksutgreiinga

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 97/2025 Tilsynsstrategi for 2026
Kommunestyret - 04.12.2025

Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategi for 2026 slik den ligg føre. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.

PS 98/2025 Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak - sakspapira ligg i 2025/1979

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Saka med vedtaksframlegg og vedlegg er unnateke offentlegheit, og vert sendt ut separat frå den ordinære innkallinga til møta 27. november (formannskapet) og 4. desember (kommunestyret).

Saka er unnateke med heimel i Offl. § 13 (Opplysningar som er underlagde teieplikt), jf. Fvl. § 13 2. ledd

Sak 117/2025 Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak - sakspapira ligg i 2025/1979

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 117/2025 Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak - sakspapira ligg i 2025/1979

Formannskapet - 27.11.2025

Saka blei handsama bak lukka dører, med heimel i Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd.
Sakspapira ligg i Elements sak 2025/1979

Sak 98/2025 Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak - sakspapira ligg i 2025/1979

Kommunestyret - 04.12.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 98/2025 Låneopptak til kjøp av areal - lukka sak - sakspapira ligg i 2025/1979
Kommunestyret - 04.12.2025

Saka blei handsama bak lukka dører, med heimel i Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd.
Sakspapira ligg i Elements sak 2025/1979